



GISKE KOMMUNE

Miljø og kultur

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

Dykkar ref.: Vår ref.: 13/1326-2 Dato: 25.11.2013

LOVFESTA ORDNING FOR MEDVERKNAD FOR UNGDOM - HØYRINGSUTTALE FRÅ GISKE UNGDOMSRÅD

Giske ungdomsråd behandla spørsmålet om ein skal lovfeste ordning for medverknad for ungdom i møte 18.11.13. Dei vil kome med slike uttalar:

Giske ungdomsråd vil mot 1 røyst tilrå at ordning for medverknad for ungdom bør lovfestast.

Giske ungdomsråd meiner at medverknadsorganet for ungdom må få ta egne avgjerder. Organet må også få kome med uttale til saker som skal vidare i det politiske systemet. Det er i slike høve viktig at dei ordinære politiske organa brukar ungdomsorganet aktivt til å kome med uttalar.

Av aktuelle saker for medverknadsorganet er saker med relevans for ungdommen. Giske ungdomsråd ønskjer ordning med venskapskommunar.

Antal medlemmar i organet vil variere etter kommunestorleik.

Alder: frå ungdomsskulealder og opp t.o.m. 23 år.

Val av medlemmar må skje gjennom demokratisk val. Dette kan t.d. skje gjennom eigen konferanse der dette og andre spørsmål vert sett på dagsorden.

Medlemmar i medverknadsorganet må ha tilknytning til kommunen, men det bør ikkje vere eit krav om at vedkomande må bu i kommunen.

I eit slikt organ bør møte- og diettgodtgjersle og dekking av reiseutgifter skjed i tråd med reglement for andre kommunale lovfesta organ.

Der det er etablert medverknadsordning for ungdom på fylkesnivå, bør dette peike ut ein person med ansvar for å ha dialog med kommunalt merknadsorgan.



GISKE KOMMUNE

Miljø og kultur

Giske ungdomsråd meiner at eit ev. medverknadsorgan på fylkesnivå, gjerne kan vere etter modell frå Ungdommens Fylkesting og Ungdomspanelet i Møre og Romsdal. Dei synes at dette fungerer fint i fylket vårt.

Med helsing

Synnes Frode

einingsleiar miljø og kultur / rådmannen sin kontaktperson for Giske ungdomsråd

e-post: frsy@giske.kommune.no

Vedlegg: